



Hosanger Montessoriskule

Inntaksreglement

Hosanger Montessoriskule

Hosanger

5282 Lonevåg

INNTAKSREGLEMENT

Hosanger Montessoriskule

§1 Inntaksreglement

Inntak av elevar ved Hosanger Montessoriskule skal skje etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar i privatskulelova og inntaksreglementet fastsett av styret.

§2 Elevinntak

Skulen skal vere open for alle som fyller vilkår for inntak i offentleg skule. Hosanger Montessoriskule skal ha heile landet som inntaksområde.

Skulestyret avgjer kva kapasitet skulen har for totalt elevtal. Skulen tek inn nye elevar berre til skulestart om hausten. Dersom skulen har ledig kapasitet ved skulestart, kan styret gjere unntak frå regelen om opptak berre om hausten. Desse unntaka er omtala i §5 i dette reglementet. Dersom det er fleire søkjarar enn kapasiteten tilseier, skal søkjarane prioriterast i henhold til kriteria i §4.

For skuleåret 2017/18 er det 50 elevplassar.

Det vil berre verta tildelt plassar for elevar som skal byrja på 1., 2. eller 3. trinn for skuleåret 2017/18, med følgjande unntak:

- eleven har sysken som går på skulen
- eleven har sysken som søker plass ved same opptak og får plass etter gjeldande reglar
- eleven er nyinnflytta innanfor tidlegare kringsgrenser for Mjøsdalen skule

§3 Kunngjering av elevinntak

Kvart år i januar skal inntak kunngjerast i lokalaviser, eventuelt dagspresse, for å sikre at informasjon om inntak for neste skuleår kjem ut. Kunngjeringa skal innehalde opplysningar om søknadsfrist. Søknadsfristen for ordinært opptak er 1.februar. I tilfeller der tilgongen er for låg, vil det verte gjennomført eit andre opptak 15. mai. Ved framleis ledig kapasitet vil det vera fortløpande inntak fram til skulestart. Prioritering då vil verte gjort basert på postlagt søknad.

§4 Prioritering av elevar ved inntak

1. Elevar som skal byrje på fyrste trinn
2. Elevar som skal byrje på andre trinn
3. Elevar som skal byrje på tredje trinn
4. Elevar som har gått i montessoribarnehage, eller på annan montessoriskule
5. Elevar som har sysken ved skulen, eller sysken som søker plass ved same opp-
tak
6. Elevar som bur innanfor kringsgrensene for tidlegare Mjøsdalen skule
7. Barn av tilsette og styremedlemmar
8. Barn av foreldre med montessoriutdanning
9. Dersom to eller fleire stiller likt i forhold til kriteria over, skal avgjersla om tildeling
gjerast ved loddtrekning

§5 Unntak for regel om inntak berre ved skulestart om hausten

Dersom det er ledig kapasitet ved skulestart vil skulen likevel ta inn elevar i løpet av året dersom:

1. Barnet er nyinnflytta innafør kringsgrensene til tidlegare Mjøsdalen skule
eller
2. Barnet kjem frå ein annan montessoriskule

For opptak etter §5 gjeld prioritering etter dato for motteken søknad

§6 Inntaksnemnd

Rektor gjer vedtak om inntak etter §2, 3, 4, 5 og 8 i dette reglementet.

§7 Handsaming og kunngjering av vedtak

Rektor melder frå om vedtak til dei det gjeld. Frist for å ta i mot plassen er to veker etter utsendt tildeling. Melding om inntak skal skje innan 6 veker etter at søknadsfristen er gått ut. Etter privatskulelova §3-1, sjetle ledd, er avgjering om inntak eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova, og søkjaren kan påklage vedtaket til departementet (delegert til Fylkesmannen).

Søklarar som ikkje har fått plass, blir snarast tilskrivne, med informasjon om at det kan krevjast grunngjeving av vedtaket, at det kan pålagast og frist for påklaging. Informasjon om plass på venteliste vil framgå i dette skrivet. Forvaltningslova Kapittel 5 og 6 gjeld i sakshandsaminga og Fylkesmannen i Hordaland er klageinstans.

Melding om inntak av elevar skal sendast til heimkommunen til eleven.

§8 Prioritert venteliste

Som lekk i inntakshandsaminga, skal rektor utarbeide ei prioritert venteliste i henhold til §4 som skal leggjast til grunn dersom ein eller fleire som har fått plass likevel ikkje tek imot plassen.

§9 Endring av inntaksreglement

Dette inntaksreglementet kan endrast av styret, innanfor rammene av gjeldande reglar i privatskulelova. Eit kunngjort inntaksreglement kan ikkje endrast mellom tidspunkt for kunngjering av opptak i januar og skulestart om hausten same år.